

Møtereferat

Dato: 20. jan 2023

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	Bård Sandal, Nina Broch Mathisen, Anne Kverneland Boggsnes, Monica Mæland, Rigmor Fardal, Mette Nora Sætre, Øystein Høyvik, Kathrin Jakobsen, Christian Rekkedal, Helene Frihammer, Gisle Nondal, Geir Mikalsen, Geir Kåre Resaland, Helene Frihammer, Randi Torvik, Susan Johnsen, Heidi Gaustad, Katherine Clarke, Charlotte Eide, Merete Mikkelsen	
Forfall:	Margareth Hagen, Roger Pilskog Leni Lisæter	Sak: 1/23-8/23
Møtetid:	Kl 1300-1600	Møtestad: Teams

Møteleiar: **Bård Sandal**

Referent: **Gisle Johanson**

Sak 1/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Næringsforum godkjende Innkalling og sakliste

Sak 2/23: Godkjenning av referat frå møte 13. desember 2022

Vedtak: Næringsforum godkjende referatet

Sak 3/23: Delegasjonsreise Brussel

Bård Sandal innledet og presenterte arbeidsgruppen som har utarbeid program.

Charlotte Eide UiB ga presentasjon av Vestlandets påvirkningsarbeid i EU. Merete Mikkelsen presenterte program for delegasjonsreisen. Gisle Johanson informerte om det praktiske opplegget for reisen.

Vedtak: Næringsforum tok orienteringa til vitande og ga sin tilslutnad til foreslått program.

Sak 4/23 Status arbeidsmarknaden

Anne Kverneland Boggsnes gjekk gjennom presentasjonen som er lagt ved referatet. Monica Mæland kommentert at Bergen Næringsråd nyleg har gjennomført ei medlemsundersøking som visar at ein rekordstor del av medlemmane har negative forventningar om sysselsetjing og kostnadsutvikling. Medlemmane peikar på at manglande forutseielegheit er ein stor utfordring.

Vedtak: Næringsforum tok orienteringa til vitande.

Sak 5/23 Oppfølging av Grøn region Vestland

Kathrin Jakobsen og Heidi Gaustad presenterte utsendte styringsdokument og milepælsplan for Grøn region Vestland.

Christian Rekkedal peikte på utfordringar ved at behov for ny kraft vil krevje auka arealbehov.

Vedtak: Næringsforum godkjenner styringsdokument og milepælplan for Grøn region Vestland.

Sak 6/23 Ny programperiode for Siva sine program for næringshagar og inkubatorar

Randi Torvik gikk gjennom presentasjonen som sendes ut saman med referatet.

Vedtak: Næringsforum tar orienteringa til vitande

Sak 7/23 Året 2023 – større tiltak, forventningar og utfordringar. Runde rundt bordet.

Helene Frihammer peika på at NHO ønsker å ta opp behovet for ny kraft og utfordringar knytt til areal. Ho la og til at det er viktig å vere merksam på EUs kommande tiltakspakke som svarer på USAs IRA-program og ny plan for grøn tungtransport.

Gisle Nondal informerte om One Ocean Week I April og at Bergen kommune sin handlingsplan for næringsutvikling vert sendt på høyring i vår.

Øystein Høyvik informerte om KS sitt nye handlingsprogram der næringsvennlege kommunar og berekraftig arealbruk er eit tema.

Monica Mæland orienterte om at Bergen Næringsråd har peika ut tre hovudsaker i 2023; kraftsituasjonen, skatteregimet og infrastruktur.

Geir Kåre Resaland informerte om at HVL vil opprette nye sivilingeniørstudiar og om krav om omstilling i høgskulesektoren.

Geir Mikalsen fortalte at NHH vil ta nye initiativ med sikte på å styrke rekruttering til sjømatnæringa.

Sak 8/23 Eventuelt